

# PROTOKOLL

## MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 17.2.2021 kl.17.00-19.00 – ÅL KYRKJESTUGU

Tilstades: Einar Brattegard, Anne Kjersti Frøyen, Arild Øystese Hansen, Torfinn Slåtto, Wenche Smestad, Liv Margit Sørbøen, Else Karin Veslegard, Birger Bolstad, Vigdis Moen Storhaug.

Dessutan møtte: Kjellfred Dekko (sak 18), Sveinung Hansen (sak 14)

Opning: Einar – Bøn om godt humør av Thomas More

Saksnr.	Ansvar
9/21	<b>Godkjenning av innkalling og protokoll</b> Ingen merknadar til innkalling eller protokoll.
10/21	<b>Ordning for hovudgudstenesta</b> Dette er eit framhald av sak 50/20. Soknerådet sitt framlegg til bestemningar for høgmesse: <ol style="list-style-type: none"><li>Som normalordning skal takkeofferet samlast inn før nattverdliturgien (som pkt 19). Men det blir også opna for å gjere det under nattverdsalma etter vurdering av prest.</li><li>Ofringa skal avsluttast med «<i>Evige Gud, din er jorden.....</i>».</li><li>Type nattverdvin skal vere avalkoholisert raud vin.</li><li>Det skal nyttast oblatar i hovudgudstenester.</li><li>Nattverd kan delast ut rundt altaret eller ståande andre stader i kyrkja men i begge tilfelle med beger.</li><li>Soknerådet ynskjer framleis å nytte siste omsetjing av Herrens bøn bortsett frå i folkemusikkliturgien. Inntil vidare les vi Herrens bøn.</li></ol> Saka vart avslutta her, og må opp att på neste møte.
11/21	<b>Liturgisk musikk</b> Audun Flaen informerte og spelte gjennom serie 1, 2 og 3. Her i Ål kan me behalde folkemusikkliturgien. I tillegg skal me velje ein av dei tre seriane eller behalde den som er brukt fram til no. Soknerådet er skeptisk til å introdusere ein ny liturgisk musikk no og trur det vil vere vanskeleg å få dette til å fungere i kyrkjene våre slik situasjonen er med redusert antal gudstenester. Vedtaket blir dermed at den tradisjonelle liturgiske musikken blir behalde inntil vidare. Men rådet kan ta opp dette på nytt seinare. Nye arrangement som kanskje er meir moderne (som serie 2) vil kunne bidra til å gjere gudstenestene meir spennande for yngre generasjonar.
12/21	<b>Årsmøte</b> Årsmøtet bør flyttast i håp om at det blir mogleg å samle fleire i kyrkja seinare på våren. AU får mandat til å bestemme ny dato.
13/21	<b>Årsmelding</b> Framlegg til årsmelding vart sendt på epost før møtet. Einar orienterte at han no har lagt inn litt informasjon om julegudstenestene. Det kan vurderast om +-1000 kan skivast litt om. Elles fekk framlegget støtte frå soknerådet.
14/21	<b>Digitale løysingar i kyrkja</b> Sveinung og Arild representerte arbeidsgruppa og orienterte om det dei har arbeidd med. Dei har hatt møte med CompanyCast som leverer eit interessant konsept. Investeringar for teknisk utstyr vil ligge i området 30-50.000,-. I tillegg må ein rekne med årlege kostnader på om lag 5.000,-. Soknerådet ynskjer at arbeidsgruppa går vidare med prosjektet og gir klarsignal om å gjere investeringar innanfor dei skisserte rammene. Det bør vere mogleg å sende frå alle tre soknekyrkjene. Arbeidsgruppa får også mandat til å starte med etableringa av eit teknisk crew som kan lærast opp og bidra ved behov.

<b>15/21</b>	<b>Konfirmasjon</b> Konfirmasjon blir gjennomført i september. Andre arrangement som konfirmantpresentasjon og kyrkjebok bør ikkje gjennomførast på same tid.
<b>16/21</b>	<b>Gudstenester i påska</b> Det vart ikkje tid til å handsame denne saka.
<b>17/21</b>	<b>Meldingar</b> Ingen
<b>18/21</b>	<b>Eventuelt</b> Soknerådet er positive til å vere medarrangør for Haugespor i Hallingdal og vil gjerne at dette blir gjennomført i Ål kyrkje utan leigekostnad. Soknerådet ynskjer å bidra til dette arrangementet med kr 6.000,-. Me må også ta vår del av eit evt underskot.  Kjellfred orienterte om at Ål idrettslag har ynskje om bruk av Borgstugu til E-sport. Dette vil i tilfelle få konsekvensar for speidaren og det må avklarast med dei.  Det vart bestemt å gjennomføre eit soknerådsmøte 10.mars.
Neste møte: 10.3.2020 kl 1700	
Skrivar: Torfinn Slåtto	